

Stryn kommune

Vass- og avløpsgebyr 2025

Vedteke av Stryn kommunestyre 12.12.2024 med heimel i lokal forskrift om vatn- og avløpsgebyr vedtatt 31.10.2024..

Kommunestyret vedtaek årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjetthandsaminga.

Tilknytingsgebyr er eit eingongsgebyr som skal betalast for tilknyting til kommunalt vatn- og/eller avløpsanlegg.

Gebyret skal betalast ved tilknyting av:

- a) Tilknyting av eigedom.
- b) Tilknyting av eigedom som kommunen krev tilknytt, jf. pbl. §§ 27-1 og 27-2 og pbl. § 30-6.
- c) Eigedom med tilknyting som ikkje er godkjent

Tilknytingsgebyret skal være betalt før tilknyting.

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

Abonnementsgebyr:

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester. Inntektene frå gebyret skal fortrinnsvis dekkje tenestenes kapitalkostnader. I 2025 forventast dette å utgjere 50% for vann og 28% for avløp.

Forbruksgebyr

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,2 m³/m². Fritidseigedom har ein faktor på 0,6 m³/m².

Bruksareal reknast etter NS-3940.

Vatn- og avløpsgebyra reknast etter hovudprinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

Differensiert abonnementsgebyr:

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- a) Bustadeigedom og fritidsbustadar: per bueining
 - b) Nærings- og kombinasjonseigedom (bedrifter, landbruk mv.): i kategoriar avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom sitt høgaste forbruk
-

Vassmålaravlesing:

Abonentar som har vassmålar betalar ein årleg leige for vassmålar.

Alle vassmålarar skal lesast av ein gong kvart år innan 31. desember. Målarstand skal rapporterast til kommunen elektronisk eller som brevpost.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Villkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Gebyratsar (alle satsar er eksklusiv meirverdiavgift i påvente av behandlinga av statsbudsjettet og foreslått endring for mva. på vatn og avløp):

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Enhet/antall	Vatn		Avløp	
		2024	2025	2024	2025
Bustad- og fritidseigedomar	Per boenhet	0	3.149	0	1.511
Annet enn bolig:					
Kategori 1 (0-300) m ³	1	0	3.149	0	1.511
Kategori 2 (301-1000) m ³	3	0	9.447	0	4.533
Kategori 3 (1001-3.000) m ³	6	0	18.894	0	9.066
Kategori 4 (3.001-6.000) m ³	12	0	37.788	0	18.132
Kategori 5 (6.001-20.000) m ³	24	0	75.576	0	36.264
Kategori 6 (20.001-50.000) m ³	50	0	157.450	0	75.550
Kategori 7 (50.001-150.000) m ³	100	0	314.900	0	151.100
Kategori 8 (150.001-500.000) m ³	150	0	472.350	0	226.650
Kategori 9 (500.001-1.000.000) m ³	300	0	944.700	0	453.300

Målt forbruk (kr/m ³)	Vann		Avløp	
	2024	2025	2024	2025
Alle abonnentar	0	19,78	0	17,24

Tilknytingsgebyr Vann (kr) (Høg sats)	2024	2025
Bolig- og fritidseigedom, per bueining	0	10.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 0-32 mm	0	20.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 33-40 mm	0	40.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 41-63 mm	0	60.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 64-110 mm	0	80.000
Nærings- og kombinasjonseigedom over 110 mm	0	100.000

Tilknytingsgebyr Avløp (kr) (Høg sats)	2024	2025
Bolig- og fritidseigedom, per bueining	0	10.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 0-110 mm	0	20.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 111-125 mm	0	40.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 126-150 mm	0	60.000
Nærings- og kombinasjonseigedom 151-175 mm	0	80.000
Nærings- og kombinasjonseigedom over 176 mm	0	100.000

Låg sats nyttast når den gebyrpliktige har, etter avtale, heilt eller delvis direktefinansiert det aktuelle infrastrukturtiltaket, gebyr for låg sats tilsvara 10% av gebyret for høg sats.

Gebyrreduksjon i årsgebyret i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag:

Årsgebyret reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgnet.

Vannmålerleie (kr/år)	Vann	Vann
	2024	2025
Per måler – 20 mm	123	123
Per måler – 25 mm	135	135
Per måler – 30 mm	147	147
Per måler – 40 mm	171	171

Oppmøtegebyr for avlesing av vassmål:

Dersom abonnenten unnlét å foreta ei avlesing i tråd med lokal forskrift og kommunen må foreta avlesinga: kr 1.000,- per gong per vassmålar.

Gebyr for avstenging og påsetting av vassforsyninga:

Dersom kommunen føretek avstenging eller påsetting: kr 2.000,- per gong per eigedom.

Forfallsdatoar for kommunale gebyr:

15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november

Dømer på gebyrutrekning**Målt forbruk (200 m³):**

Vatn: $3.149 \text{ kr} + (200 \text{ m}^3 \times 19,78 \text{ kr/m}^3) + 123 \text{ kr} = 7.228 \text{ kr}$

Avløp: $1.511 \text{ kr} + (200 \text{ m}^3 \times 17,24 \text{ kr/m}^3) = \text{kr } 4.959$

Stipulert forbruk (180 m² BRA):

Vatn: $3.149 \text{ kr} + (180 \text{ m}^2 \times 1,2 \text{ m}^3/\text{m}^2 \times 19,78 \text{ kr/m}^3) = \text{kr } 7.421$

Avløp: $1.511 \text{ kr} + (180 \text{ m}^2 \times 1,2 \text{ m}^3/\text{m}^2 \times 17,24 \text{ kr/m}^3) = 5.235 \text{ kr}$